

# RETNINGSLINER FOR HEMSEDAL KOMMUNE SIN KULTURPRIS



Vedteke 14.06.2007, sak 38/07 i Hovudutval for livsløp.

## Målsetjing

Hemsedal kommune sin kulturpris har som føremål å hjelpe fram kulturarbeidet i kommunen.

Hemsedal kommune sin kulturpris kan delast i tre kategoriar:

1. Hemsedal kommune sin kulturpris kan tildelast
  - ein einskildperson
  - ei gruppe av personar
  - institusjon
  - organisasjonsom har vist/ viser evne og vilje til å yte kulturinnsats ut over det vanlege.
  
2. Hemsedal kommune sin kulturpris kan tildelast
  - ein bygning
  - eit bygningsmiljøsom i særleg grad tek vare på den lokale byggeskikken
  
3. Hemsedal kommune sin kulturpris kan tildelast
  - ein einskildperson
  - ei gruppe av personar
  - organisasjon
  - institusjonsom har merka seg ut gjennom idrettsprestasjonar lokalt, nasjonalt eller internasjonalt.

Kandidaten må ha nær tilknytning til Hemsedal sitt kultur-/ idrettsliv og vere busett eller arbeide i Hemsedal kommune.

Profesjonelle og amatørar har lik moglegheit til å få kulturprisen.  
Ingen kan få prisen meir enn ein gong.

Innbyggjarane i Hemsedal skal ha høve til å fremje forslag om kandidatar til prismottakarar.  
Det skal annonserast i Kommuneposten og Hallingdølen etter kandidatar.  
Hovudutval for Livsløp avgjer kven som skal motta prisen

Prisen er eit diplom, blome og kunstnerisk uttrykk til ein verdi inntil kr. 5 000,- eller ei pengegåve på kr. 5 000,-.